



Atle Bruvoll
Hundvinsvegen 17
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7776 - 15/21675

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
10.06.2015

Gbnr 55/27 Bruvoll. Oversending av melding om vedtak.

Søknaden dykkar om dispensasjon frå gjeldande plan og dispensasjon for løyve til deling, vart handsama av Plan- og miljøutvalet i sak 038/15.

Utvalet gav løyve til dispensasjon slik:

«Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jamfør §26-1, gjev Lindås kommune løyve til å dele gbnr.55/27 Bruvoll, slik det er søkt om og synt i kart signert Vidar Mjøs til nabovarsel til søknaden datert 06.11.14.

Med heimel i pbl §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen til kommuneplanen, slik det er søkt om. Det vert og gjeve dispensasjon frå §1-8 i Plan- og bygningslova, for tiltak nærare vassdrag enn 100 meter. Dispensasjonen gjeld og for oppføring av bustad, på dei same vilkåra som gjeld for spreidd bustadbygging i føresegnene til kommuneplanen av 2011, pkt. 5.13 og 5.14.»

Saka vart 04.05.2015 sendt til fylkesmannen for vurdering av klage. Det har ikkje komme noko merknad eller svar frå fylkesmannen innan dei tre vekene som gjeld for klagevurdering.

Vedtaket gjort av Plan- og miljøutvalet er såleis endeleg, og vert stadfesta i dette brevet.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i Plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.

Gebyr:

Saka kom inn til kommunen i 2014. I samsvar med gebyrregulativet til kommunen vedteke 20.03.14, gjeldande frå 31.03.14, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå arealføremål i plan	kr. 8500,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremål	kr. 7900,-
Sum	kr.16400,-



Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine regler. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker etter at ein har fått kunnskap om vedtaket. Jf. §§28 flg. i forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Atle Bruvoll

Hundvinsvegen 17 5956

HUNDVIN